

Til adressatar i følgje liste  
(jf adresseliste for utsending av oppstartmelding)

## **Marint vern i Vestland - høyring av verneframlegg, Dalsfjorden marine verneområde**

**Fylkesmannen i Vestland sender på høyring eit framlegg om Dalsfjorden marine verneområde i medhald av § 39 i naturmangfaldlova.**

**Arbeidet er vurdert etter § 42 i naturmangfaldlova og kapittel VII i forvaltingslova. Dette er eit ledd i arbeidet med å verne eit representativt utval av norsk natur for komande generasjonar.**

**Høyringsfristen for å kome med fråsegn til verneframlegget er sett til XXX 2020.**

Arbeidet er gjennomført etter oppdragsbrev fra Klima- og miljødepartementet til Miljødirektoratet av 18.04.2017, som gav Fylkesmannen i oppdrag å gjennomføre ein verneplanprosess for Dalsfjorden og Stad som marine verneområde. I eit brev av 03.11.2017 sende dåverande Fylkesmannen i Sogn og Fjordane oppstarts melding for arbeidet med marint vern for Dalsfjorden og Stad. Fylkesmannen arrangerte opne møte for Dalsfjorden 14.11.2017 i Bygstad i Gauldalen kommune og 6.03.2018 i Dale i Fjaler kommune. Fylkesmannen hadde møte med kommunane 5.06.2019, og var på synfaring med Gauldalen kommune og grunneigarar 05.06.2019. Vi var også på ei synfaring for å bli kjend i grunne område 18.09.2019.

### **Juridisk grunnlag**

Marine verneområde vert oppretta i medhald av § 39 i naturmangfaldlova:

#### **§ 39.(marine verneområder)**

*Det kan opprettes verneområder i sjø for å beskytte marine verneverdier, herunder naturverdier som er økologiske betingelser for landlevende arter.*

*Som marine verneområder kan vernes områder som*

- a) inneholder særegne eller representative økosystemer og som er uten tyngre naturinngrep,*
- b) inneholder truet, sjeldent eller sårbar natur,*
- c) representerer en bestemt type natur,*
- d) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,*
- e) utgjør en spesiell geologisk forekomst,*
- f) har særskilt naturvitenskapelig verdi, eller*
- g) har særskilt betydning som økologisk funksjonsområde for en eller flere nærmere bestemte arter.*

*Verneområder i sjø kan opprettes for å oppfylle ett eller flere av målene i § 33 første ledd.*

*Verneområdet i sjø må angi om verneformålet og restriksjoner gjelder bunn, vannsøyle, overflate eller en kombinasjon av disse. For øvrig gjelder §§ 33, 34 og §§ 40 til 51 tilsvarende så langt de passer.*

*I et verneområde i sjø må ingen foreta seg noe som forringar verneverdiene angitt i verneformålet. Et verneområde i sjø kan vernes mot all virksomhet, forurensning, tiltak og bruk, med de begrensninger som følger av folkeretten. Restriksjoner på aktivitet skal stå i forhold til verneformålet.*

*Høsting og annen utnytting av viltlevende marine ressurser reguleres etter havressurslova innenfor rammene av verneforskriften.*

*Marine områder der beskyttelsen kun består av nærmere bestemte regler om utøving av fiske, fastsettes etter havressurslova.*

#### **§ 42.(kunngjøring av påtenkt verneforslag)**

*Vernemyndigheten skal kunngjøre verneforslaget, med de viktigste følger det antas å få, i minst én avis som er alminnelig lest på stedet. Forslag til verneområder i sjø skal kunngjøres på en måte som er hensiktsmessig for å gjøre berørte interesser kjent med forslaget. Grunneiere og rettighetshavere skal så vidt mulig underrettes ved brev og gis en rimelig frist for å komme med merknader før forslag utformes.*

*På et tidlig tidspunkt i saksforberedelsen, og i god tid før kunngjøringen, skal det søkes samarbeid med offentlige myndigheter, organisasjoner mv. som har særlig interesse i tiltaket. Utarbeidelse av forskrift skal skje i et samarbeid med berørte sentrale myndigheter.*

## **Verneverdiar i Dalsfjorden**

I oppstartmeldinga vart verneverdiene i Dalsfjorden skildra slik:

*Dalsfjorden er ein relativt smal fjord omgjeven av bratte skogkledde rygger, utgrave av innlandsisen fra om lag 2,5 mill. år sidan. Fjorden har det djupaste partiet på drygt 400 meter i ytre del utanfor grensa for kandidatområdet.*

*Planområdet er ca. 11,3 km<sup>2</sup> og ligg i Gauldal, Fjaler og Askvoll kommunar. Kandidatområdet er vesentleg redusert i høve til det første framleggget om Dalsfjorden som marint verneområde, da grensa var lagt lenger ut i fjorden og arealet var kring 30km<sup>2</sup>. Samstundes er området noko større enn eit framlegg «Rådgivende utvalg for marin verneplan» kom med i ei førebels tilråding til Direktoratet for Naturforvalting i 2003, om å trekke grensa ved Grimeneset. Dette er etter vårt syn ikkje ei god avgrensing, fordi det føreslårte verneområdet i så fall vil slutte midt i eit av bassenga i fjorden i staden for ved ein terskel eller anna naturleg avgrensing. Ein sentral del av verneføremålet er dei spesielle naturtilhøva med stor ferskvasspåverknad, og det er då naturleg å legge grensa ved terskelen i området ved Nishammaren slik at dei markerte ferskvassstilførslane frå Laukelandsfossen (Storelvi) og Fossedalselvi kjem med.*

*Fjordbassenget innanfor terskelen ved Nishammar har ei største djupne på 172 m, og både Storelva med Laukelandsfossen og Fossedalselva renn ut i fjorden her. Lenger inn fjorden er det ein terskel ved Halsnes, og bassenget innanfor har ei største djupne på 97 m. Det trønge Svesundet ved Bygstad fører inn til den inste pollen ved Osen, som har ei djupn på 30 m (Osen er allereie verna som naturreservat). Botnen i den indre pollen består av fin sand medan det utanfor Svesundet er sølebotn. Svesundet har ein rik, fastsittande hardbotnfauna. I Dalsfjorden er det funne store mengder med grunne førekommstar av begerkorall på 5-15 m djupn. Både Gaulavassdraget og Laukelandsfossen/Storelvi er verna mot kraftutbygging. Elva Gaula har også status som nasjonalt laksevassdrag. Kandidatområdet for marint vern inkluderer dei to eksisterande naturreservata Holmelidholmen sjøfuglreservat og Osen våtmarksreservat.*

*Kandidatområdet er lite påverka av utbygging og ureining, og det er etter det vi kjenner til, ikkje knytt store økonomiske interesser til utnytting av området i dag. Fjorden er liten, og med fleire spesielle biologiske førekommstar (korallar, sjeldne brakkvassplantar, rike straumområde).*

*Føremålet med vernet er å ta vare på ein særeigen, avskjerma fjord forma av innlandsisen si utgraving for om lag 2,5 millionar år sidan, med spesielle straumtilhøve og ein uvanleg kombinasjon av stor ferskvassstiffo og artsrike hardbotnsamfunn, og eit (allereie verna) nasjonalt verdifullt estuarområde med sjeldsynte pusleplanteartar. »*

Etter oppstartmelding har Rådgivende Biologer AS på oppdrag frå Fylkesmannen gjort undersøkingar i Dalsfjorden, både av naturmangfaldet generelt og i grunne område. Konklusjonane er som følgjer:

*Marint naturmangfald i Dalsfjorden er generelt artsattig på hardbotn og blautbotn, med vanleg førekommande artar. I vassmassane vart det registrert ribbemanet på alle transektt og det vart observert ei mengd ulike fiskeartar, som blant anna blåstål, hægjel, torsk, pigghå, lange, piggskate og flyndre.*

*Sundneset og Svedsundet, som er straumrike område, skilde seg frå dei andre undersøkte områda ved at det var rike og tette førekommstar av blant anna anemonar, begerkorall og blautkorall. Begerkorall vart registrert i tette ansamlingar på alle transektt ved Sundneset, Nistad, Bjørvikstranda og Svedsundet frå om lag 36 til 9 m djupne. Det er sjeldan å sjå tette ansamlingar av denne arten og*

den opptrer som regel djupare enn 20 m. Korallnellik, som var hyppig på bratte fjellveggar i straumrike område, opptrer vanlegvis djupare enn 50 m, men i Dalsfjorden vart den registrert opp til 10 meters djupne.

I dei grunnaste områda ned til 3 m som vart kartlagt var det stort sett tang og trådforma algar som vart registrert forutan enkelte individ eller små førekomstar med stortare eller sukkertare. Dei grunnaste områda er prega av ferskvasstilførslar med fråvær av tare, samt få artar av tang og andre algar.

Førekomst av tare med middels til låg tettleik vart observert ved Sundneset frå 14 meter og opp til eit par meters djup, og ved Svedsundet frå 5 meter og opp til eit par meters djup.

På blautbotn vart det flekkvis registrert tette førekomstar av hydroiden *Corymorpha nutans* og sylinderanemone. Utanfor utløpet til Gaula vart det registrert tett med sjøfjøra liten piperensar på blautbotn. Enkelte stader, særskild i Osen, inne ved utløpet til Gaula, låg det lite nedbrotne kadaver av fisk på sedimentbotnen.

Pigghå, som er sterkt truga (EN) i høve til Norsk raudliste for artar, vart registrert med fleire individ ved Sundneset. Ingen viktige naturtypar etter DN handbok 19 vart avgrensa i foreslått verneområde. Sjølv utan viktige naturtypar og med få raudlista eller sjeldne artar er indre delar av Dalsfjorden likevel spesiell i høve til dei tette ansamlingane av begerkorall på fjellbotn og stadvis tette førekomstar av sylinderanemone, sjønellik, dødmannshånd, liten piperenser og hydroiden *Corymorpha nutans* i delar av fjorden.

Når det gjeld dei grunne områda, vart sju utvalde område med mogleg førekomst av viktig marint naturmangfald synfart:

Grunne område i Dalsfjorden hadde artsfattig marint naturmangfald i fjøresone og øvre sjøsone, noko som er typisk for ferskvasspåverka fjordar. Vanleg førekommende marin flora og fauna var blæretang, grisetur, grøndusk, langpigga kråkebolle, hjerteskjel og korstroll. Innerst i Osbogen vart det ikkje registrert marine algar. For låg salinitet i øvre vassmassar trengjer vekk algevegetasjon og marin fauna.

Gjennomgåande for dei synfarte områda var mykje plantemateriale, som blant anna skuldast at arbeidet vart gjort på hausten.

Muslingen vanleg sandskjel er ein raudlisteart i kategori VU (sårbar) og skjelrestar av arten vart funne fleire stader, blant anna i Standsnesviki, Koppstadvik, Sundsleira og Rekevika. Arten er vanskeleg å finne levande i felt då den lever djupt nedgraven i sedimentet. Skjelrestar sannsynleggjjer imidlertid at arten førekjem i desse områda. Små areal av naturtypen blautbotsområde i strandsona etter DN handbok 19 vart avgrensa i Standsnesviki og Sundsleira, og er vurdert som lokalt viktig grunna sannsynleg førekomst av vanleg sandskjel. .... Tette førekomstar av begerkorall vart registrert ved Bjørsvika (område C), desse vart også observert i store og tette førekomstar i djupe område fleire stader med ROV i mai 2018 (Olsen & Eilertsen 2018).

Det er i hovudsak dyrelivet på sjøbotnen som er fokusert i samband med marint vern i Noreg. I Dalsfjorden er like fullt vernegrensa fleire stader trekt slik at marine gruntvassområde i fjøra vert inkludert. Desse områda er viktige næringssøksområde for ei rekke fuglearistar, mellom anna vadefuglar på gjennomtrekk.

På dei opne møta som vart arrangerte 14.11.2017 og 6.03.2018 kom det fram ein del kunnskap som ikkje var kjend for Fylkesmannen frå før:

- Fisket er langt betre i Dalsfjorden enn det som vart lagt til grunn i oppstartmeldinga. Det vert fiska mykje til matauk og på fritida, og meir enn 30 ulike matfiskkartar. I alt er kring 50 ulike fiskeartar tekne i indre delar av Dalsfjorden.
- Det er teke prøver av torsk m.o.t. dioksin. Det som vart funne for 15 år sidan viser at det var lite innhald og ingen fare.
- Det er ein og del plast og søppel i fjorden. Men det aller meste hamnar på sørsida, medan nordsida stort sett går fri.

## Verneforskrift og grenser

Ved oppretting av eit marint verneområde vert det utarbeidd verneforskrift som fortel kva for restriksjonar som vert lagde på aktivitetar i området (sjå vedlegg). Oppretting av eit marint verneområde inneber at det vert forbod mot tekniske inngrep under sjøen. Eigedomstilhøva vert ikkje endra ved oppretting av marine verneområde.

Grensa mot land for det marine verneområdet går i hovudsak ved marbakken i 2 meter djupne, med unntak av i nokre verdfulle grunne område, der det er reguleringsplan i fjorden og inn mot naturreservat. Mot område med reguleringsplan og mot verneområde vil grensa for det marine vernet følgje reguleringsplangrensa og verneområdegrensa. Det er i framlegget til verneforskrift teke inn høve til å søkje dispensasjon for tiltak i grunne område, som t.d. mudring for naust og båtopptrekk.

### **Marint vern i Dalsfjorden - konsekvensar**

Forslag til restriksjonsnivå kjem fram av framlegget til verneforskrift (vedlagt).

Det blir ikkje lagt opp til restriksjonar på fritidsfiske. Det vil heller ikkje bli restriksjonar på ferdsel, bruk av ankringsplassar og Kystverket sitt arbeid i fiskehamar. I verneforskrifta heiter det at «Dyrelivet i sjø og knytt til sjøbotnen er verna mot skade og øydelegging. Utsetjing av organismar er forbode». Hausting av naturlege bestandar på ein berekraftig måte vil ikkje bli forbode gjennom vern.

Inngrep på botnen bør ein unngå og må i hovudsak ha løyve. Dette gjeld uttak av massar, til dømes skjelsand, sand og grus. Deponering av massar bør ein også unngå. Om det blir tilført massar til sjøbotnen kan dette føre til nedslamming av botn og botnfauna over eit større område i fjordbassenget. Ved tekniske inngrep, som oppføring av nye kaianlegg og småbåthamner må det søkast dispensasjon (sjå utkast til verneforskrift). Det er lagt opp til strenge restriksjonar for tiltak som utfylling, byggeverksemd, mudring, deponering av massar, undervassprenging, legging av kablar, utslepp av kjølevatn og ballastvatn, utnytting av mineralske ressursar og installasjonar for energiutnytting. Mindre tiltak kan eventuelt tillatast. Røyrleidningar og kablar i sjø bør ein vere varsame med å legge. Om det er naudsynt å legge ein kabel gjennom området bør dette skje i utvalde korridorar og med skånsame metodar slik at påverknaden blir minst mogleg. Utlegging av varmepumpeleidningar må ha løyve etter verneforskrifta. Det vil vere uheldig med mange varmepumpeleidningar i same området, og i same området bør dei bør difor i störst mogleg grad samlast.

Generelt vil det vere opning for at eksisterande anlegg og innretningar skal få naudsynt vedlikehald. Det er ikkje lagt opp til restriksjonar på drift og vedlikehald av eksisterande anlegg og innretningar. Vernegrensa følgjer kommunane sine reguleringsplanar og vil difor ikkje påverke desse (m.a. tømmerkai ved Kvammen og hamneområde i Bygstad). Marint vern i Dalsfjorden vil ikkje påverke utbetring av Fv 57 på sørsida av Dalsfjorden eller stoppe bygging av eventuell bru over Svesundet. Ei eventuell brupåle i sundet må vurderast etter § 48 i verneforskrifta (generelle unntak). Kraftlinjer som kryssar i lufta over Dalsfjorden vert ikkje berørt av eit marint vern i området.

Det er ikkje taretråling i Dalsfjorden, det er lite aktuelt, og vi gjer framlegg om at taretråling blir forbode i heile kandidatområdet. Fiske med passive reiskap (snøre, teine, ruse, garn, line) vil vanlegvis ikkje ha negative konsekvensar for verneverdiane, og kan såleis halde fram. Om det er særleg sårbare delar av området kor det er førekommstar av t.d. korallar som kan ta skade av fiske med garn, kan ein ha strengare restriksjonar der. Miljødirektoratet kan av omsyn til korallforekomstar ved forskrift regulere eller forby verksemd i det marine verneområdet (sjå § 4 Generelle unntak frå vernereglane). Fiske etter pelagiske artar med net og trål i dei frie vassmassane vil også ha liten effekt på verneverdiane. Nye fiskeri med ny reiskap som kan påverke botn bør ikkje tillatast. Det er i dag ikkje noko tråling av botnfisk i kandidatområdet. Bruk av snurrevad påverkar ikkje sjøbotnen og vil vere tillate.

Langtidsoppankring av båtar og skip vil vere forbode, jf korallforskrifta som regulerer oppankring ved korallrev.

Eksisterande akvakulturanlegg, skjelanlegg og konsesjonar vil ikkje få restriksjonar av vernet. Ved utviding og fornying av konsesjonar kan det etter søknad gis dispensasjon. Det vert då stilt krav om at akvakulturaktiviteten ikkje er i strid med verneformålet og ein må rekne med at det vil bli stilt krav til minimal påverknad på naturmiljøet og at dei mest miljøforsvarlege driftsmetodane blir brukte.

### Konsekvensar for næringsverksemd

Restriksjonsnivået avgjer om pågåande næringsverksemd får ulemper av vernet, men vi forventar at problema blir små. Taretråling vert ikkje drive i område med framlegg til vern i Dalsfjorden. Konfliktane knytte til moglege negative effektar for framtidig næringsverksemd er truleg ikkje store, men eit vern skal sjølv sagt bli vurdert i nært samarbeid med involverte kommunar. Verneframlegget kan ha ein positiv effekt for turistbedrifter nær området. Det er mange turistbedrifter i nærområdet som driv med båtutleige til fritidsfiskarar. Generelt aukar ofte turismen til område rundt store naturvernområde, sidan eit vern indikerer at det kan vere flotte naturopplevelsingar der.

### Møte og synfaringar

Fylkesmannen har halde følgjande møte og synfaringar i samband med oppstarten av verneplanarbeidet i Dalsfjorden:

- 14.11.2017 - Ope møte (folkemøte)
- 06.03.2018 - Ope møte (folkemøte)
- 04.06.2019 – Møte og synfaring med grunneigarar i utvalde grunne område i Dalsfjorden
- 05.06.2019 – Møte med Askvoll, Fjaler og Gauldal kommune
- 18.09.2019 – Synfaring i Dalsfjorden med kjentmann fra Gauldal kommune

For oppsummering av møte og synfaringar sjå vedlegg 3.

### Fylkesmannen si oppsummering av innspel til oppstartmeldinga:

*Fylkesmannen* har teke inn i verneforskrifta alle innspel til oppstartmeldinga så langt det har late seg gjere, dvs. utan at det går ut over verneformål og retningslinjer for marint vern i Noreg. Vernegrensa mot land følgjer marbakken på 2 meter djupne, med unntak av grunne område med store verneverdiar, og mot reguleringssplangrenser der vernegrensa følgjer reguleringssplan for å være i samsvar med vedtekne kommunale planar.

Ver neprosessen for opprettning av marint verneområde er slik at etter at eit framlegg er sendt på høyring, kan berre verneområde gjerast mindre, og verneforskrifta gjerast mindre streng.

### Avgrensing av områda og privat eigedom

Avgrensinga inn mot kysten varierer avhengig av om kystlinja allereie er verna eller ikkje. Der det er eksisterande naturreservat som går ut eller ned til sjøen, føreslår vi å trekke grensa slik at tidevassona blir inkludert, og slik at vern etter naturvernlova vert samanhengande. Elles føreslår vi at grensa blir trekt utanfor privat grunn ved marbakken på 2 meters djup. Difor har vi ikkje sendt særskilt brev til alle eigedomar som grensar til kandidatområdet. Unntaket er grunne område med store verneverdiar, og her får grunneigar eige brev om

framlegget. Fylkesmannen vil ta synfaring i områda saman med grunneigar og kommunen når det er ønskjeleg.

### **Erstatning**

Etter § 50 i naturmangfaldlova har eigar eller rettshavar i område som vert verna som naturreservat rett til erstatning for økonomiske tap når vernet gjer noverande bruk vanskeleg. Sidan marint vern i hovudsak vil gjelde utanfor privat grunn (marbakken på 2 meters djup) vil dette truleg gjelde få grunneigarar. Naturmangfaldlova om erstatning lyder som følgjer:

§ 50.(erstatning til eiere og rettighetshavere i verneområder)

*En eier eller rettighetshaver i eiendom som helt eller delvis blir vernet som nasjonalpark, landskapsvernområde, naturreservat, biotopvernområde eller marint verneområde, har rett til erstatning fra staten for økonomisk tap når et vern medfører en vanskeliggjøring av igangværende bruk. For bruk som trenger tillatelse fra offentlig myndighet, gjelder retten til erstatning bare hvis tillatelse er gitt før det er foretatt kunngjøring etter § 42.*

### **Namn**

Namn på verneområdet er ein del av verneplanprosessen med høve til å kome med innspel og framlegg. Det mest aktuelle namnet er etter vårt syn «*Dalsfjorden marine verneområde*». Statens namnekonsulent kan også ha tungtvegande merknader om namnet.

### **Forvalningsstyremakt**

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvalningsstyremakt for verneområde. For verneområde som ligg i fleire kommunar er det til vanleg Fylkesmannen som er forvalningsstyremakt.

### **Saksgang og prosess**

Det er Fylkesmannen i Vestland som er ansvarleg for å lage verneframlegg og sende dette på høyring etter rammer sett av Miljødirektoratet.

Oppstartsmelding om arbeidet med marint vern i Dalsfjorden og kring Stad vart sendt i november 2017. Det har så langt som råd vore teke omsyn til innspel til oppstartsmeldinga ved utarbeiding av det endelige verneforslaget, som inkluderer framlegg til verneforskrift med verneregler, avgrensing og verneverdiar. Ei oppsummering av innspela er teke inn i dette brevet.

Etter høyringa vil Fylkesmannen utarbeide ei tilråding for vern som vert sendt til Miljødirektoratet. Deretter sender Miljødirektoratet ei endeleg tilråding til Klima- og miljødepartementet som kan fremje vedtak om opprettiging av verneområde for Kongen i statsråd. Eit eventuelt vernevedtak vil vere ein kongeleg resolusjon, der verneforskrifta med tilhøyrande vernekart er dei juridisk bindande dokumenta.

Under følgjer ei fullstendig gjennomgang av verneprosessen:

Overordna rammer frå Storting, regjering og Klima- og miljødepartementet (KLD) (utført)



Miljødirektoratet gir Fylkesmannen oppdrag (utført)



Fylkesmannen melder oppstart av verneplanarbeidet. Innspel (utført)



Fylkesmannen sender høyringsutkast til direktoratet for fagleg gjennomgang (dette brevet)

↓  
Fylkesmannen gjennomfører høyringsprosess. Fråseigner til framlegget.

↓  
Fylkesmannen gir tilråding til Miljødirektoratet

↓  
Miljødirektoratet gir tilråding til KLD

↓  
Ev. vedtak ved kgl.res.

Det er såleis regjeringa som gjer eit eventuelt vernevedtak ved kongeleg resolusjon, der verneforskrifta med tilhøyrande vernekart er dei juridisk bindande dokumenta.

Dersom vedtak om vern vert ein realitet, skal Fylkesmannen i ettertid utarbeide forvaltingsplan for det einskilde området. Forvaltingsplanen er ikkje juridisk bindande på same måten som verneforskrifta, men skal skissere ei rettesnor for forvaltinga innanfor rammene av verneforskrifta. Det vil bli eigne høyringsprosesser for desse forvaltingsplanane.

### **Adresseliste**

Høyringsbrevet og tilhøyrande dokumentar vert sendt til offentlege instansar, foreiningar og interesseorganisasjonar. Om de veit om fleire som vil ha interesse av å få informasjon, eller lurer på noko kan de gjerne kontakte oss, [fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no) eller på telefon 57 64 30 00. Meir informasjon om arbeidet finn de på Fylkesmannen i Vestland sin nettstad: [www.fylkesmannen.no/vestland](http://www.fylkesmannen.no/vestland)

### **Til kommunane**

Vi ser at kommunane ønskjer meir informasjon og tett dialog med Fylkesmannen i den vidare prosessen. Dette har vi stor forståing for. Så langt har vi halde opne informasjonsmøte i Bygstad i Sunnfjord kommune og i Dale i Fjaler kommune. Vi er opne for å orientere om saka i kommunestyremøte og for administrasjonen i dei tre berørte kommunane Sunnfjord, Fjaler og Askvoll i tillegg til å halde opne informasjonsmøte i løpet av høyringa av framlegget.

Vi ber kommunar som ønskjer dette om å ta kontakt med Fylkesmannen, og gjerne gjere framlegg om aktuelle møtetidspunkt.

### **Innspel**

Alle involverte partar blir oppmoda til å ta del i høyringa. Fråsegn kan du sende til Fylkesmannen i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger eller til [fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no). Merk saka med Marint vern Dalsfjorden. Fråsegn kan også registrerast på Fylkesmannen i Vestland sine sider: [www.fylkesmannen.no/vestland](http://www.fylkesmannen.no/vestland)

Sakshandsamarar er seniorrådgjevar Maria Knagenhjelm med e-post [maria.knagenhjelm@fylkesmannen.no](mailto:maria.knagenhjelm@fylkesmannen.no) og telefon 57643137.

Vi gjer merksam på at Fylkesmannen har ein offentleg postjournal og alle fråseigner blir registrerte her.

Om ein har gitt innspel til oppstartsmeldinga og ikkje har meir å tilføre no når saka er ute til høyring, treng ein ikkje skrive ny uttale. Vi tek med oss alle innspel fra oppstartsmeldinga vidare i prosessen, der dei vil bli handsama som høyringsfråsegn med mindre vi har fått ny uttale frå dykk.

Dette brevet vert sendt elektronisk med alle vedlegg til dei instansar vi har e-postadresse til. Andre instansar må sjølv finne fram til vedlegga på Fylkesmannen i Vestland si heimeside. Høyringsfristen for å kome med innspel til verneforslaget er sett til **XXX 2020**.

Ved spørsmål, ta gjerne kontakt.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Eline Orheim  
seksjonsleiar

Adresseliste:

Vedlegg 1: Kart over framlegg til Dalsfjorden marine verneområde

Vedlegg 2: Framlegg til verneforskrift for Dalsfjorden marine verneområde

Vedlegg 3: Gjennomgang av innkomne merknader til oppstartsmelding og referat frå møte om Dalsfjorden marine verneområde, med Fylkesmannen i Vestland sine kommentarar

**Vedlegg:**

**Gjennomgang av innkomne merknader til oppstartmelding for Dalsfjorden marine verneområde, med Fylkesmannen i Vestland sine kommentarar.**

Sjøfartsdirektoratet har ingen konkrete merknader.

Opplysningsvesenets fond har ingen merknader.

Statens kartverk føreset at karta til verneområda vert laga i samsvar med Miljødirektoratet sin produktspesifikasjon for verneområde og gjort tilgjengelege gjennom nettportalen geonorge.no.

*Fylkesmannen* vil følgje opp dette.

Sogn og Fjordane Fiskarlag og Hafs Fiskarlag «kan gå inn for det omsøkte området i Dalsfjorden då det er unntak for passive og aktive fiskereiskap. Inkludert snurrevad, reke tråling og brislingfiske med not. .... Sogn og Fjordane Fiskarlag har ingen andre merknader.»

Direktoratet for mineralutvikling (DFM) har ikkje innvendingar til oppstartmeldinga. «DMF er i denne samanhengen oppteken av at mineralressursar som har eller kan ha verdi ved uttak og utnytting, blir teke omsyn til i verneprosessen. Vern kan i tillegg til å gjere mineralressursar utilgjengeleg innafor sjølve verneområdet også medføre arealrestriksjonar utanfor verneområdet, og på denne måten legge avgrensingar eller føringar for uttak av mineralressursar utom verneområdet. DMF kan ikkje sjå at det er registrert regionale eller nasjonalt viktige mineralressursar i direkte tilknyting til dei foreslegne verneområda. På Stad er det uttak i drift som ligg nært inntil foreslått verneområde. Om ny kunnskap i framtida viser at det finst viktige førekomstar av mineralske ressursar i verneområda, kan eventuell uttak av desse førekomstane vurderast konkret i kvart enkelt tilfelle ut i frå den generelle dispensasjonsføresegnene i naturmangfaldlova § 48. Denne lyder: *"Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig."* Eventuelle konsekvensar av restriksjonsnivå for utnytting av mineralske ressursar skal utgreiaast i den vidare prosessen, og DMF har difor ikkje noko innvendingar til melding om oppstart.»

Bergen sjøfartsmuseum «kjener til marine kulturminne innanfor begge dei planlagde områda ved Stad i Selje kommune og Dalsfjorden i Gauldalen, Fjaler og Askvoll kommunar. Me stiller oss positive til forslaget om marine verneområde og dei effektane dette vil ha på dei marine natur- og kulturmiljø i områda. Medan dei føreslår verneforskriftene ikkje hindrar tiltak i områda blir det fortsatt aktuelt for museet å utføre fleire registreringar i områda i forbindelse med planarbeid eller tiltak i framtida. Museet har ingen andre merknader til dei planlagde tiltaka. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigje området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.»

*Fylkesmannen* ser positivt på at Bergen sjøfartsmuseum vil følgje opp i framtida.

Sogn og Fjordane fylkeskommune «tek varsel om oppstart av verneplanprosessane til vitande. Det vert vist til saksutgreiinga når det gjeld innspel til oppstart av verneplanarbeidet. Fylkeskommunen vil kome attende med nærmere innspel knytt til våre ansvarsområde når utkast til verneplan kjem på høyring. Fylkesutvalet er uroa over konsekvensane vern kan ha for utbygging av viktig infrastruktur og for næringslivet i desse områda. Dersom ein vel å gå vidare med desse planane, så må det gjerast ei grundig konsekvensutgreiing og det må takast omsyn til dei utviklingsplanane som kommunane har i desse områda no og i framtida.»

*Fylkesmannen* kan så langt ikkje sjå er det ikkje store konfliktar med marint vern i Dalsfjorden. Planområdet for marint vern er ikkje så stort at det utløyser krav om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova. Vi vil så langt det er mogleg ta omsyn til moglege konsekvensar for infrastruktur og næringsliv i området.

Per Nistad har kome med innspel om at

«1 Vi ser positivt på at fjorden vert verna mot skadelege inngrep.

2 Det må framleis bli same reglar for fritidsfiske både med snøre og botnreiskap innanfor som utanfor vernegrensa.

3 Det må ikkje bli vanskelegare å få byggeløyve/løyve til utslepp av reinsa kloakk innanfor verneområdet enn i dag.

4 Jordbruksdrift inkludert spreiling av husdyrgjødsel må ikkje få strengare reglar enn området utanfor vernesona.

Når det gjeld turistfiske, har dette auka sterkt dei siste åra. Mange meiner at presset på nokre fiskearter er for stort. Det vert truleg teke opp ein god del fisk under minstemål.»

*Fylkesmannen* vil følgje opp punkta. Reinsa kloakk vil få same reglar som før, og det same med jordbruksdrift.

Kystverket har ikkje registrert ankringsområder eller viktige hamner i kandidatområdet i Dalsfjorden og har ikkje merknader.

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE «kan ikkje sjå at oppretting av Dalsfjorden marine verneområde er i konflikt med kjende vasskraftressursar. Det er fleire små vannkraftverk som har utløp inn i det foreslalte verneområdet. Sidan desse ikkje er regulerte, vil ikkje vassføringa i elvane fråvike betydeleg frå det som er naturleg.

Det er i dag ei 66 KV luftleidning Hålandsfossen – Øyravatn som kryssar fjorden. Det er ikkje nemnd planar for denne med det første, men SFE Nett har planar om spenningsoppgradering av Grov – Øyravatn, og Sunnfjord Energi AS har planer om spenningsoppgradering av Moskog – Sande – Hålandsfossen, slik at det kan vere aktuelt med spenningsoppgradering av Hålandsfossen – Øyravatn på sikt. Vi ber om at Sunnfjord Energi og SFE Nett blir hørt om desse planane slik at vernet ikkje kjem konflikt med framtidige behov for å oppgradere regional- og distribusjonsnett. Det er også viktig at forskrifta ivaretak eventuelle behov for motorferdsel i samband med tilsyn, vedlikehald og utfall av luftleidningen.»

*Fylkesmannen* har sendt oppstartmeldinga til Sunnfjord Energi og SFE Nett, og vil også sende framlegg til dei.

Arnulf Aasnes er skeptisk marint verneområde i Dalsfjorden fordi det kan gjere utnyttinga av naturressursane vanskelegare i framtida. «Mitt bodskap er i alle fall at ein legg til rette for framtidig utnytting av dei ressursane me har langs Dalsfjorden og ikkje vernar fjorden «i hel» for utnytting for framtidige generasjonar. Særleg i vestre del av det føreslegne området har

me eit stort potensiale med utnytting av vassressursane i ei eller anna form. Ikkje berre lokalt, men nasjonalt og internasjonalt i eit miljøperspektiv.»

*Fylkesmannen* vil ta innspelet med seg i det vidare arbeidet.

Fiskeridirektoratet skriv at «Her er det lite kommersielle fiskeriinteresser som vil bli hindra av verneframlegget slik det ligg føre i dag utanom eit reketrålfelt som går frå Vilnesfjorden og inn i Dalsfjorden til Grimeneset. Vi har difor ingen merknadar. Vi føreset av framlegget ikkje er til hinder for utviklinga av skjelnæringa som er i Dalsfjorden i dag». Det gjeld lokalitet 13501 Kvamen og lokalitet 19476 Gjelet, som både ligg i Fjaler kommune.»

*Fylkesmannen* legg opp til at eksisterande skjelanlegg Kvamen og Gjelet kan halde fram.

Sunnfjord Energi «har nettanlegg som ligg innafor/ inntil det området som vert vurdert verna. I den samanheng er det vesentleg at følgjande vert teke omsyn til: Vernevedtaket bør ikkje vanskeleggjere generelt vedlikehald av eksisterande og framtidige nettkomponentar. Inspeksjon, ombygging, drift og utbetring av feilar innafor det marine verneområdet bør også i tida som kjem kunne utførast utan større hindringar for å sikre sikker straumleveranse til kundane og hindre akutte utfall. Oppgradering/ fornying av nettet er naudsynt, og Sunnfjord Energi må og i framtida ha høve til å legge nye kabelforbindelsar i verneområdet dersom behovet melder seg. Sunnfjord Energi ynskjer at eventuelle vernevedtak for Dalsfjorden må sikre rett til drift, vedlikehald og fornying av eksisterande og framtidig nettanlegg utan at arbeidet med dette krev søknad om dispensasjon.»

*Fylkesmannen* viser til at drift, vedlikehald og fornying av eksisterande kablar og el-anlegg kan halde fram (verneforskrifta § 4 i og l). Nye kablar kan rekne med å få løyve (verneforskrifta § 5 c og h).

Gaular kommune har følgjande kommentar til oppstartmeldinga:

«Geologiske fysiske og biologiske forhold: Formannskapet ser ein samanheng mellom tilstanden i Kapstadvika og miljøtilstanden i Kvamselva som har vore og framleis er for mykje påverka av ureining frå spreide avløp og landbruk. Gaular kommune jobbar ut i frå ein tiltaksplan for Kvamselva/ Fauskeelva for å betre denne tilstanden, som i så fall også kan verke positivt inn på Kapstadvika.

Plansituasjonen: I tillegg til kommuneplanen frå 2001, bør ein også nemne kommunedelplan forretning og industri frå 2012. Planen opnar for småbåthamnar og næringsverksemder på nokre lokalitetar som vil ligge innanfor verneområdet. I tillegg gjeld framleis reguleringsplanar for Eidevika (gbnr 118/5), Standnes (gbnr 48/4), Sveen industriområde (Svesundet) og Industriområde Lervika (tidl. Sunnfjord Sag).

Ureining: Formannskapet vil presisere at avrenning frå flyplassen på Bringeland vert samla opp på flyplassen og deretter transportert til kommunalt avløp i utvanna tilstand. I tillegg vert glykolhaldig snø frakta frå flyplassen til Dalsfjorden. Det ligg føre utsleppsløyve for flyplassen frå Fylkesmannen og det er gjort undersøkingar av innhald og påverknad. Formannskapet meiner at det er viktig å få vurdert Dalsfjorden si sjølvreinsingsevne som recipient for m.a. avløpsvatn. Fjordbotnen har fleire tersklar og ulike sjikt i vannmassane. I tillegg er straumforholda svært varierande. Det er såleis usikkert om vanlege krav til utslepp til sjø i mindre følsomme område bør gjelde over alt i fjorden. For å vite meir om dette, må det utførast betre kartlegging av fjorden.

Forvaltningsplan: Det vil vere viktig med ein forvaltningsplan som legg klare føringar for handsaming av tiltak i sjø etter plan- og bygningslova, t.d. flytebrygger, forankring og utfylling ut over marbakken. Gaular formannskap er uroa over konsekvensane vern kan ha for friluftsliv samt planer og utbygging av nødvendige og viktig infrastruktur for næringslivet og friluftsliv i desse områda. Dersom ein vel å gå vidare med desse planane må det gjerast grundig konsekvensutgreiing og det må takast hensyn til dei utviklingsplaner som kommunen har i dette området no og i framtida.»

*Fylkesmannen* er innstilt på å ta omsyn til Gaula kommune sine vedtekne kommunal- og reguleringsplanar (Standnes, Eidevika, Sveen industriområde, Lervika industriområde, som og gjeld planar om småbåthamnar). Det er positivt at det vert rydda opp i ureining i Kvamselva og Kapstadsvika. Ei eventuell framtidig bru over Svesundet bør etter vårt syn byggjast utan støttepilar i sjøen. Gjeldande utsleppsløye frå 2018 for flyplassen på Bringeland kan halde fram. Fylkesmannen er samd i at det bør lagast ein forvaltningsplan for eit marint verneområde i Dalsfjorden.

Askvoll kommune «er positiv til at det vert starta opp verneprosess for marint verneområde i Dalsfjorden. Verneområdet må ikkje vere til hinder for oppføring av mindre kai-/bryggjeanlegg og ordinært utslepp av avløpsvatn frå eksisterande og framtidig busetnad langs fjorden, medrekna mindre næringsverksemder. Kommunen ser det òg som avgjerande at det vert rom for opprusting av FV57 på strekninga langs fjorden, med bru over Svesundet, og utbygging av ny tømmerkai.»

*Fylkesmannen* meiner det må kunne gjevast løyve til oppføring av mindre kai-/bryggjeanlegg i framtida. Utslepp av reinska avløpsvatn vil kunne halde fram. Punkta er teke inn i framlegget til verneforskrift.

Fjaler kommune «tek varsel om oppstart av verneplan for Dalsfjorden til vitande. Fjaler kommune ber om at det vert teke omsyn til pågående prosjekt og planarbeid i området i det vidare arbeidet. Visar til saksutgreiinga for nærmare innspeil til oppstart av verneplanarbeidet».

Fra saksutgreiinga: «Gjeldande plan for området i Fjaler er kommuneplanen sin arealdel (2009), der store deler av sjøarealet er avsett til friluftsliv og ferdsel. Innanfor foreslått verneområde i Fjaler er det to blåskjellokalitetar, to områder avsett til utbyggingsføremål i arealdelen (2009), N12 og N13, to låssetningsplassar og eit verneområde (Holmelidholmen). Område N12 i Kvamen er regulert til næring, hytter og båthamn og deler av området er opparbeidd med tunnelmassar frå Dalsfjordsambandet og er tenkt nytta til tømmerkai. Det er nyleg starta planendring for området der føremålet er å omregulere småbåthamn og hytteområdet til næringsareal. Eksisterande plangrense er utvida for å få på plass ei tilstrekkeleg og stabil fylling i sjø. Område N13 er og avsett til næring og kai. Det er ikkje utarbeidd reguleringsplan for dette arealet. Grunneigar har sendt innspeil om at dei ynskjer å etablere ei båthamn på dette området. Området er tenkt opparbeidd med ein parkeringsplass og båthamma skal etablerast med flyteelement. I tillegg pågår det arbeid med reguleringsplanar for FV 57, strekningane Sætenes – Strandanes og Strandanes Nistadlia. Vern av Dalsfjorden vil medføre restriksjonar på bruk og tilrettelegging av ulike aktivitetar i og nær verneområdet. Fjaler kommune er oppteken av at vernet ikkje må leggje restriksjonar på pågående prosjekt og planarbeid. Det gjeld spesielt etablering av tømmerkai og utviding av næringsareal i Kvamen og utbetring av fylkesveg 57. Fjaler kommune har i møter hatt god dialog med fylkesmannen om verneplanarbeidet og har fått tilbakemelding om at ein legg opp til å finne akseptable løysingar i vidare arbeid med reguleringsplanane.

Fjaler kommune ser fram til vidare god dialog med fylkesmannen om pågående planarbeid og verneplanarbeidet.»

*Fylkesmannen* meiner det er rett å ta omsyn til Fjaler kommune sine vedtekne planar (Kvamen) og etablerte blåskjellokalitetar. Vi kan ikkje sjå at arbeid med reguleringsplanar for Fv 57 vil kome i konflikt med marint vern i Dalsfjorden, og vi er trygge på at ein kan finne akseptable løysingar som ikkje grip nemneverdig inn i det marine verneområdet.

### **Sentrale tema på dei opne møta 14.12.2017 og 6.03.2018**

- Garnettingsplassar. Desse vert ikkje berørte av marint vern, med mindre det skal etablerast nye faste installasjonar på botn (for botngarn, som må ha løyve).
- Grøfting i jordbruksmark vert ikkje berørt av marint vern.

- Avløp i sjø frå septiktankar (spreidd avløp). Eksisterande kan halde fram, nye må ha løyve. Dispensasjonsregel vert teke inn verneforskrifta.
- Utslepp frå prosessindustri vil bli stoppa ved marint vern.
- Bygging i 100-meters beltet vert avgjort på vanleg måte gjennom plan- og bygningslova, av kommunen.
- Varmepumpe som inneber røyrleidning på botn må handsamast etter dispensasjonsregel, og det kan takast inn som eit eige punkt i verneforskrifta. Om mogleg bør dei samlast i staden for å liggje spreidde.
- Tømmerkai ved Kvamen er under planlegging. Dette må avklarast i verneprosessen, og vil kunne realiserast.
- Eventuell bru over Svesundet berører ikkje marint vern dersom bruva går i eitt spenn. Brua må ha løyve dersom det skal vere påle under i fjorden. Dette bør avklarast i verneprosessen.
- Det er aukande cruiseskiptrafikk, men mest mindre luksusbåtar. Det må bli forbod mot utslepp frå skipa, ikkje minst gråvatn.
- På Fv 57 mellom Osen og Dale må det gjerast utbetringar på alle stader der vegen er smal og svingete, også omlegging. Desse tiltaka vil ikkje kome i konflikt med marint vern. Unntaket er viss det vert aktuelt å dumpe steinmassar (overskotmassar i fjorden). Dette bør ein unngå uavhengig av marint vern.
- Avrenning frå av-ising av fly på Førde lufthamn: Det vil ikkje lenger bli dumpa snø i fjorden, og avrenning vil skje gjennom kommunalt avløp i Kapstadbukta. Mengda og kjemisk innhald tilseier at dette ikkje kjem i konflikt med marint vern i området, og handteringen av avisingsvæske vil bli handtert på vanleg måte etter ureiningslova.
- Blåskjelanlegg: Det er i alt tre eksisterande blåskjelanlegg i Dalsfjorden, og to av dei er innanfor planleggingsområdet for marint vern. Blåskjelanlegg kan halde fram i eit marint verneområde, men nye installasjonar som t.d. feste på botn må ha løyve.
- Marin grunnkartlegging er viktig. Fylkesmannen vil dekkje kostnader til slik kartlegging i planleggingsområdet, dvs. innanfor Dalsfjordbrua.
- Gruntvassområdet ved Kapstad strekkjer seg meir enn 100 meter ut, og er utan vatn ved fjære sjø. Berører særleg gnr 129 og 122. Det vert eiga synfaring her saman med grunneigarane og kommunen.

### **Møte med grunneigarar i Kappstadvika og synfaring 4. juni 2019**

Det meste av synfaringa var i Kappstadvika der spørsmål knytt til mudring til naust, festing av bøye og flytebrygge som vert teken i land årleg var spørsmål. Fylkesmannen vil ta omsyn til problemstillingane som vart reiste. Kommunal plan i Kappstadvika inneber å utvide fylling ved kaien framfor meieriet, og Fylkesmannen vil gå inn for at vernegrensa følgjer reguleringsplangrensa kring kaien. (Det er utarbeidd eige referat frå synfaringa, og som er offentleg.)

### **Møte med Askvoll, Fjaler og Gaula kommune 5. juni 2019**

Møtet med kommunane 05.06.2019 kom i stand for å informere kommunane om status for arbeidet med å lage eit framlegg på høyring, og for å få innspel til arbeidet. Tema som var oppe utover kommunane sine innspel til oppstartsmeldinga gjaldt kunnskap om Dalsfjorden sin resipientkapasitet med utarbeiding av lokal forskrift og skjønsmidlar, ordninga med nasjonale laksefjordar, at det bør opprettast eit rådgivande utval for det marine verneområdet i Dalsfjorden. Det må vere god økonomi til forvaltning i framtida, med forvaltningsplan, økonomi og forutsigbarheit, og det er aktuelt å be om eit fond som følgjer vedtaket om vern. For bru over Svesundet er fleire alternativ utgreidd, og det kan bli aktuelt med påle i sundet pga mogleg konflikt med kulturminne. (Det er utarbeidd eige referat frå møtet, og som er offentleg.)

### **Synfaring 18. september 2019**

Synfaringa kom i stand for at Fylkesmannen skulle bli betre kjend med dei grunne områda der det er aktuelt å trekke vernegrensa til normalt flomål i staden for 2 m djup (marbakken). For grunne område må det verte lagt inn eigne formuleringar i verneforskrifta om tiltak her (m.a. mudring for naust og båtopptrekk).

På synfaringa vart vi kjende med at området innanfor Svesundet frå gammalt av er kjent som eit viktig gyteområde for fisk, spesielt torsk.

\*\*\*